

JULEBREV FRÅ REKTOR



Vi nærmer oss slutten på første del av skoleåret 2018/19. Nå får tradisjonar, kos og felleskap vere i fokus, med juleforberedelser og klasseavslutningar.

Dette har skjedd i haust:

I august begynte eg igjen som rektor etter foreldrepermisjon.

Det er veldig kjekt å vere tilbake på skulen.

Klassene på Marvik skule blei fådelt med Ingrid og Thomas som kontaktlærer.

Annette Hebnes blei tilsett som ny lærer i 5.-7.trinn og Anne Margrete forsett som assistent og lærer i 1.-4.klasse.

Gjennom hausten har me jobba med mange nye utfordringar og oppgåver og prøver å gjera alt til det beste for skulen, elevar og lærarar.

1.klasse har hatt ein god start på skuleåret. Dei trivs på skulen og har lært mykje i løpet av hausten.

4 elevar frå 4.-7. trinn og Annette . Dei har deltatt på trivselsleiar programmet. Elevane stiller opp med kjekke leiker måndag, tysdag, torsdag og fredag i 10-friminutt. Tusen takk for innsats.

1.-4.trinn har vore 4 gonger på symjing sidan oktober og siste gong var 5.-7.klasse med. Dei fleste elevar stor-trivs i bassenget og nesten alle frå 1.-7.klasse kan symja.

Me ber alle foreldra om å reisa på symjing med barna så ofte som mogeleg. Det er viktig å forsette med symjing fram til neste symjeopplæring på skulen. Neste symjeopplæring blir sannsynlegvis i mars i det nye bassenget i Suldal Bad.

Elles har hausten vore preget av læring, og både lærarar, elevar og dykk føresette har bidra til å gjøre hausten til ein god arbeidsperiode. Alle fortener takk for sine bidrag til at våre elevar har lært mykje denne hausten.

Førebuingar til neste Termin:

Vi er i full gang med å førebu oss til neste halvår.

I januar skal lærarane starta å delta på eit prosjekt fram mot 2021 som skal styrka arbeidet med inkluderande barnehage- og skulemiljø. Me vil jobba med kompetanseutvikling for å forsterka arbeidet med det psykososiale miljøet, mobbing og andre krenkingar.

Førebels er det fire grender som deltar med barnehagar og skular:

Ropeidhalvøya, Jelsa, Erfjord og Vanvik.

Dessutan er me i full gang med leseprosjekt RELEMO i 2.-7.klasse. Me vil sette av tid til fleire leseprosjekter i 2019.

Dette blir spennande.

Skulen har lenge hatt behov for å oppgradera stolane til elevane.

Nå er dei bestilt nye stolar til 1.-7.klasse. Dei skal vera på plass seinast i januar.

Akkurat nå - jul på Marvik skule:

I denne veke har me begynt med julesongar og replikkane til julespelet som elevane skal framføre på juleavslutninga.

Torsdag 6 .desember blir det juleverkstad på skulen. Nytt i år er at me skal vere klassevis og ha felles graut midt i dagen.

Tysdag 11.desember blir det skulegudsteneste i Marvik kapell kl. 13.00.

Onsdag 19.desember er det juleavslutning om kvelden. Me bruker dagen til å ordna til å øva. Me gleder oss til å sjå både foreldre, besteforeldre, tanter, onklar, vener og naboar.

Torsdag 20.12. er siste skuledag før jul. Dagen startar kl. 8.30 og sluttar kl. 14.10.

Skulen startar opp etter jul torsdag 3.januar!

Eg ønskjer dykk alle ei riktig god jul og eit godt nyttår!

Hjarteleg helsing

Anne

